



Eit magasin frå Eidfjord kommune NR.2 | 2019 | Årgang 20

EIDFJORD NYTT

Nytt frå Destinasjon Eidfjord

Rekordbasar

Nye kommunestyrerepresentantar

Eidfjord Ungdomsråd

- Ordføraren har ordet -

Som ny ordførar i Eidfjord opplever eg at eg har ei unik moglegheit til å forma mi eiga rolle og kva eg vil engasjera meg i. I konstituerande møte, ved overrekking av ordførarkjede, vart det veldig reelt kva eg no hadde vorte vald til. Ordførarkjedet er eit fysisk symbol på, kanskje den viktigaste ombodsrolla i Eidfjord, noko eg har reflektert ein del over.

Av natur, utdanning og praksis er eg ein person som likar å fokusera på det konkrete og finna løysingar på det praktiske. Det ligg veldig lett for meg å gripe til det konkrete og søkja å finna løysingar i saker som alt ligg på bordet. Den erfaring eg har frå offentleg forvaltning er og med på å forsterka dette.

Etter å ha snakka ein del med ordførarkollegaer i andre kommunar er det ein ting som har overraska meg. Det å vera ordførar kan opplevast som ei einsam rolle, ein må stå i saker og kanskje få kritikk frå mange hald, meir eller mindre sakleg grunngjeve. Eg må no presisera at eg på ingen måte har opplevde dette, og føler meg godt motteke som ordførar.

Likevel har dette fått meg til å reflektera, kven er einsame i Eidfjord? Det er det berre dei som kan svara på. Å blottleggja seg og sei at ein er einsam sit langt inne. Korleis kan me som lokalsamfunn gjera noko med dette? Er det ikkje berre å delta i alt som skjer i bygda? Eg vil påstå at me har eit mangfaldig og særskilt aktivt frivillighetsarbeid i Eidfjord. Me har til dømes eit godt og variert tilbod i idrettslaget og jakt- og fangstradisjonar som mange deltek i.



Advents- og førjolstida er for mange ei hektisk tid. Ynskje om å halda på tradisjonane me er oppvaksne med og gleda med å føra dei vidare til neste generasjon, er sterkt hjå mange. I reklame og sosiale media ser me stadig eksempel på det "perfekte". Det kan ta pusten frå ein kvar dersom me skal halda tritt med alle trenrar.

For nokre betyr jolet og høgtid ei tid med endå større einsemd. I alle media vert familie og samhald i høgtida halde fram som idelet. Det er ikkje alle som har familie og venner rundt seg i høgtidene. Nokre vel det frivillig, andre ikkje. For desse kan jola verta ei krevjande tid. Økonomi og vanskar i familierelasjonar kan og vera faktorar som gjer at ein trekk seg attende og fører til einsemd.

Kven brukar du fritida di med? Kor tid gjekk du sist eit spontant besøk til ein ny sambygding? Kor tid vart du sist spurd om å koma innom på ein kaffikopp frå nokon du «berre» trenar med? Eg trur mange

av oss vil slita med å koma på når dette skjedde sist.

Dei fleste av oss held oss nok til det kontaktnettet og med dei vennene me har, det er både trygt og lettint. Å koma i kontakt med nye krev litt ekstra av oss, ein må by på seg sjølv. For dei av oss som har mange gode venner vil eg gje ei utfording: Inviter den nye naboen, han/ho du møter på trening, eller nokon du trur er mykje åleine.

Det kan vera nyttårsfesten du har i lag med vennegjengen kvart år, men det kan også vera til ein halv times tur ut. Poenget er at du tek kontakt og inviterer nokon nye til noko du syns er kjekt. Det kan jo henda at du på denne måten får eit nytt vennskap? Eg er heilt sikker på at det vil vera ei hyggeleg overrasking for den du spør.

Ved å inkludera og utvida vennekretsen er eg sikker på at me fangar opp nokre som kjenner seg einsame. For desse vil eit slikt initiativ kunne bety meir enn ein anar. Me har alle moglegheit til å bidra til eit meir inkluderande lokalmiljø, og ei bygd det er godt å bu i.

Til slutt vil eg nyttå høvet til å ynskje alle ei riktig god jul og eit godt nytt år!

Anders Vatle

-ordførar-

Innhald

- | | |
|---|---|
| 2 Ordføraren har ordet | 26 Nye Bygdaheimen |
| 4 Nytt frå Destinasjon Eidfjord | 28 Dynafit Hardangerjøkulen Ultra |
| 6 Salmon Tracking 2020 | 30 Eidfjord Røde Kors Hjelpekorps |
| 7 Inge Kujif | 32 Arbeidslivsfag 8 klasse ved Lægreid skule |
| 8 Nytt frå Eidfjord fjellstyre 2019 | 33 Kyrkja i desember |
| 12 Portrett av Grete Mølleland Hereid | 34 Halloweenfest |
| 15 Eyvind Eidhammer | 36 Rekordbasar |
| 16 Sluttarrondering av Isdalstippen | 38 Eidfjord Autosalg as |
| 17 Ingrid Stakseng Ukvitne | 40 Hardangervidda Ski- og Fjellsport |
| 18 Nye kommunestyrerepresentantar | 42 Thomas Eide |
| 20 Reidar Meel | |
| 21 Studiesenteret.no + OsloMet = sant! | |
| 22 Ordførar Anders Vatle | |
| 23 TV-aksjonsbasar på samfunnshuset | |
| 24 Eidfjord ungdomsråd | |
| 25 Ingrid Bakke | |

EidfjordNytt
vert utgjeven av
Eidfjordkommune,
5783 Eidfjord

Heimeside:
www.eidfjord.kommune.no
Tlf: 53 67 35 00
Fax: 53 67 35 75
Epost:
postmottak@eidfjord.kommune.no

Redaksjonsnemnd:
Glenn Wiik
Brynjulf Mugaas
Geir Underhaug
Lisbet B. Celik
Gunn Sandvik

Grafisk Produksjon:
VOSS PRENTEVERK AS




Utsikt frå Kjeåsen.

Nytt frå Destinasjon Eidfjord

Tekst: Marit Stadheim
Foto: Simon Sjøkvist

SESONGEN 2019

Me snakkar ikkje om sommarsesongen i Eidfjord lenger. No jobbar me alle med å utvida sesongen haust og vår, i tillegg til å få fram det me har å tilby av vinteraktivitetar. Viktig, - for ei verksemd kan ikkje leva av omsetninga frå kun nokre månader om sommaren. Men enno er det sommaren som er travlast!

Nok ein rekordsommar er over

Kundeteljaren vår har talt: 140.417 personar gjekk inn dørane på turistkontoret vårt i

perioden frå april t.o.m. oktober 2019, det er litt færre enn i fjor, me reknar med at det no er fleire som brukar online bookingløysingar. Dette seier likevel litt om kor travelt det har vore i skranken i sommar, ikkje berre på cruise-dagar. Også på ein heilt vanleg sommardag utan cruisejestar kan det vera rundt 1.000 gjester innom turistkontoret på ein dag!

Me har blitt flinke på å selja aktivitetar og billettar til gjestane våre, det gjer at det er ekstra travelt i skranken, spesielt på cruise-dagar. Me har hatt 89 cruiseanløp med totalt 138.457 passasjerar som har besøkt Eidfjord mellom 7. april og 24. oktober i år. Me kan

røpa at me har seld billettar og aktivitetar til både cruisejestar og andre gjestar over skranken på turistkontoret for nesten 6,7 mill. kr i år! Og me kan vel seia at 90% av denne omsetninga går til Eidfjord-bedrifter. Hurra for oss og sommarhjelpane våre! Me ser at bookingsystemet me har testa ut på Trolltoget i sommar, der gjestane kan bestilla billettar online, har fungert bra og bør kunna utvidast til å omfatta fleire aktivitetar.

Nye, flotte reiselivstilbod i Eidfjord

Utbygginga ved Vøringsfossen og fantastiske fornyingar ved Norsk Natursenter er store



Norsk Natursenter.



Nye utstillingar.

ting som har skapt og fortsatt skaper auka interesse for destinasjonen. Besöksteljaren ved Vøringsfossen har frå 1. mai til november i år talt 218.000 besøkande ved Fossatromma, og 243.000 besøkande ved Fossli (nesten dobling frå i fjor). Besökstalet på Fossli er litt usikkert sidan det er fleire vegar inn på anlegget og publikum har ulik rørslemónster, men likevel gjev desse tala ein god peikepinn. Så det er ikkje tvil om at dei nye utsiktpunkta vekkjer merksem! Og når me i tillegg får fleire nye, mindre nisjeprodukt å tilby i bygda vår, er alt dette med på å dra fleire både dagsbesøkande og overnattingsgjestar til Eidfjord.

Haust-/winter- og vårtildoda er også byrja å koma på plass i Eidfjord. Heilt i tråd med «Go Viking»-konseptet til Fjord Norge. No kan me tilby «Early spring kayaking» med Flatearth Adventures; Sidersmaking på Eidfjord Fjell & Fjord Hotel og på Quality Hotel Vøringsfoss; «In the footsteps of the Vikings» med Ravenheart Living History; Rib-vinterturar med Hardanger Fjordsafari; «Winter adventure» med samarbeidsprosjektet Sense Hardanger; samt enkel isklatring og enkel topptur på ski med Tindeguide frå Voss. Desse tilboda har også blitt sendt inn til både rederi og European Cruise Service som tilbyr utfuktene til AIDAaura 24. februar 2020.


Og me må jo vise fram det me har å tilby! Me har i eigen regi eller i samarbeid med Visit Hardangerfjord, Fjord Norge og Cruise Norway også i år gjennomført fleire

visningsturar og møte med turoperatørar, presse- og filmfolk, reisebloggarar og andre både frå inn- og utland. Når desse inkluderer og skriv om Eidfjord så vert det sjølv sagt god reklame for bygda vår.

Ein sommarsesong går fort – og no er det snart jol

Me i Destinasjon Eidfjord AS takkar for godt samarbeid og ser fram til fortsetjinga med alle avtalepartnerane våre som består av reiselivsrelaterte verksemder i og rundt Eidfjord.

Styret i Destinasjon Eidfjord består av dyktige folk som er aktivt med oss heile året: Britt Mona Eidnes (styreleiar), Bergljot Maria



Vøringsfossen.

Veivåg, Steinar Rinaldo, Tor Fredrik Müller og Ivan Løvheim.

Me seier tusen takk til Helge Møller i Cruise Destination Hardangerfjord som også i 2020 vil jobba hardt for å få cruise gjestar til Eidfjord og Hardanger.

Me takkar også dei flinke sommarhjelpane våre for ein flott sesong, både mannskapet på cruisekaia og vertane på turistkontoret. Me gler oss til neste sesong!

Me jentene på kaia ynskjer alle ei riktig god jolehelg og eit godt og framgangsrikt nytt år!



Elektrofiske for å samle inn smolt og blenker i Granvin Selva i april 2019.

Salmon Tracking 2020

Med mål om betra vilkår for ville laksefisk i Hardangerfjorden


Tekst og foto: Marte Lise Lægreid

Våren 2019 fekk eg eit spanande tilbod om å skrive masteroppgåve om sjøaure i Hardangerfjorden gjennom prosjektet Salmon Tracking 2020 – noko eg så klart måtte takke ja til! I prosjektet er me artig nok to lokale masterstudentar; ein gravensar og ein eidfjording. Hardangerfjorden inngår i produksjonsområde 3 som i 2018 hadde den høgaste risikoen for dødelegheit på villaks som følgje av lakselus, og gjennom SALT2020 ønsker ein å gje viktig informasjon til havbruksnæringa om når mengda smittsane lakselus-larvar må vere lågast mogleg for å hindre negative effektar på ville laksefiskbestandar. SALT2020 er eit av dei største forskningsprosjekta av sitt slag i Noreg, og er eit samarbeid mellom Rådgivende Biologer, Skandinavisk Naturovervåkning og INAQ AS. Her vert ein kombinasjon av fleire metodar brukt for å betra dagens kunnskap, mellom anna videoovervåking i elver, PIT-merking (passive integrated transponder) og akustisk telemetri.

I samarbeid mellom INAQ AS, NMBU, og Nord Universitet, og med verdiful innsamlingshjelp frå eldsjeler på Os og frå Voss Klekkeri fekk me i april 2019

samla inn og merka vill smolt av laks og aure frå Eidfjord, Granvin og Os med akustiske merke. Desse merkene sender ut signal til lyttebøyer som er utplasserte i Eidfjordvatnet, Granvinvatnet, delar av Bjørnafjorden og heile Hardangerfjorden. I oktober 2019 hadde me ein ny runde feltarbeid kor me samla inn informasjon frå lyttebøyene, i alt 1,3 millionar registreringar i Hardangerfjorden og Bjørnafjorden til saman berre sidan juli! Frå dette får me store mengder verdifulle data som no skal analyserast og tolkast. Når resultata blir tilgjengeleggjorte kan dei brukast både i fiskeforvaltning og av oppdrettsnæringa, med mål om å betre vilkåra for ville laksefisk, ikkje berre i Hardangerfjorden men også på nasjonalt nivå.

Mitt hovudfokus som masterstudent er å sjå på korleis sjøaure frå Eidfjord, Granvin og Os brukar Hardangerfjorden, kva faktorar som påverkar utvandring frå elvene, samt å kartlegge åtferd frå dag til dag hjå einskildindivid i området rundt Varaldsøy. Oppfører sjøaure frå Granvin seg



Merktag og lyttebøye nyttar ved akustisk telemetri i Granvinvatnet, Eidfjordvatnet og Hardangerfjorden.

Inge Kuijf (50)

Kantinesjef

Tekst: Glenn Wiik

Foto: Eric Kuijf

Inge kjem frå Nederland, frå ein småby nær Amsterdam. Ho og Eric kom til Noreg og Ø.Eid fjord i 2002. Då hadde dei alt sett seg ut Eidfjord Gjestgiveri som lå ute til sals. Dette var nett det dei var ute etter. Etter omfattande oppussing opna dei B&B i 2004, og etter kvart pannekakehuset. Alle som har smakt på pannekaker frå Nederland veit at det finst fleire moglege variantar enn blåbærssyltetøy og steikt flesk.

Sjølv om denne litt unorske spesialitetene vart ein suksess, var det likevel vanskelig å driva lønsamt i vinterhalvåret. Dei selde Gjestgiveriet i 2012. Du veit, Eidfjord sommar og vinter – det er som to ulike planetar. Gradvis vaks draumen om gardsdrift fram. Dei deltok i ei fadderordning for jordbruksinteresserte, Inge tok agromutdanning i 2 år og så kjøpte Inge og ektemannen Eric ein husmannsplass på Hereid i 2012. Dei leiger areal for å driva med sau (16 vinterfora), grisar (2) og høns (mange nok til å vera sjølvforsynt med ferske egg).

Inge har hatt vikariat før som assistent på kjøkenet på bygdaheimen da ho kom til Eidfjord og i 2015 fekk ho fast jobb i 20% stilling. I 2019 overtok ho ansvaret

for kantinedriften på kommunehuset i 50% stilling. Dette er heilt perfekt. Inge har mykke erfaring med matlaging, ho lagar alt frå grunnen av, ho lagar sunn og variert og deilig mat og brukarane let vel.

Kjøkenet på kommunehuset er gammalt og slitt etter 30 års bruk, men det vert gjort utbetringar. Ho har fått ny oppvaskmaskin, ny komfyre og nytt fryseskåp. I budsjettet for 2020 vert det kanskje sett av pengar til ny innreiing?

Inge styrer alt som har med kantina å gjera - innkjøp, matlaging og opprydding. Ho legg stor vekt på å nyitta sunne og gode

råvarer og å planlegga menyen slik at det vert minst mogleg matsvinn. Ho serverer heimebakt brød og andre godsaker rett som det er. Kva meir kan heldiggrisane på kommunehuset ynska seg.

Inge og Eric trivst veldig godt på Hereid. Livet som småbrukarar er ein livsstil. Det tek mykke tid og er hardt arbeid, men samstundes ei stor glede. Her har dei alt dei treng for å leva det livet dei ynskjer.

Inge har ikkje så mykke fritid, men når sjansen byd seg set ho seg gjerne ned med ei god bok, finn fram strikketyet eller spinn ull frå eigne sauer.



Ein god prat gjer kvardagen betre både for dyr og menneske.

Hardanger Energi AS
Din
Lokale kraftleverandør



Ein del av

Lokalkrafta

- Kortreist straum....

www.lokalkrafta.no

Nytt frå Eidfjord fjellstyre 2019

Tekst og foto: Gunnar Elnan

Ny fjellstyrehytte, Heisantjørnbu, vart teken i bruk først i september i haust. Byggjeprosessen begynte våren 2018 med å riva og frakta ut den bua som sto der tidlegare. Sumaren 2018 vart byggjetomt planert og i løpet av hausten vart plata til hytta støpt. Det meste av dette arbeidet var gjort på dugnad.

Hytta er tilgjengeleg for utlån utanom reinsjakta. Kontakt ekspedisjonen i kommunen eller send ein e-post, fjellstyre@eidfjord.kommune.no med førespurnad.

Elles vil fjellstyret minna om at det vert betalt for bruk av hyttene. Det er og ynskjeleg at hyttebøkene vert skrive i, kort eller lang tekst om bruk og føremål. Dette er med å dokumentera behovet for fjellstyrehyttene.

Villreinjakta

Årets reinsjakt var spesiell grunna sentrale mynde sine behov for å ha dokumentasjon av utbreiing av skrantesjuke (CWD). Det var vedteke rein bukkvote, berre bukk 2,5 år og eldre var tillate felt. Dette gav ei ekstra utfordring for jegerane. Omsynet til human jakt og retta avskyting var medverkande til låg fellingsprosent for Eidfjord. Av 201 fellingsløye jegerane løyste ut, vart det felt 43 bukkar.

Fredingssona vart oppheva på kort varsel frå 2. september.

Småviltjakta

Rypetaksering først i august viste bra med stamfugl, men at produksjonen av kyklingar ikkje var så bra. Dette var spesielt tydeleg for fjellrypa. Fjellstyret tok omsyn til dette for reglane om jakt. Jakta



Her Thomas og Eirik som gjør klar for støping. Hytta vart bygd i løpet av sumaren 2019. Hytta har to soverom med kvar sin familiekøye.



Som de ser står det att å beisa hytta og rydda litt rundt hytta. Dette håper fjellstyret å få utført på dugnad til våren/sumaren.


vart starta 23.09, og med kortsal via iNatur.no frå 1.10.

Garnfiske

Det var rapportert om godt garnfiske i haust, fleire avslutta fisket før slutten,

då dei var nøgde med utbyttet. Ikkje alle som har kjøpt garnfiskekort har rapportert, fjellstyret manglar tilbakemelding frå 28 stk. i skrivande stund.

Fjellstyret har selt 114 garnfiskekort, 8 har rapportert at dei ikkje har fiska.





Synst eg såg noko langt der borte. Foto: Asle Øydvin

Samla statistikk for fangst og fiskeaktivitet har gått litt ned frå i fjor. Sett saman med at fjellstyret framleis manglar ein del rapportar, er det grunn til å tru at samla resultat for 2019 vert ganske likt med 2018.

Lakjen er det eine vatnet som det vert laga eigen statistikk for. Her har fangsten og fisket teke seg litt opp frå 2018. Statistikken for dei andre vatna, Tinnhølen, Nordmannslågen og Langavatnet viser same trend som den samla statistikken, nedgang i fangstane som følge av mindre fiske.

Generelt er biletet at fangstane heng saman med fiskeinnsatsen. Det betyr at det er potensial for å ta ut meir fisk der som fiskeinnsatsen vert auka. Dette får de ta med deko når komande års fiske-
song skal planleggjast



Stolt hund med rypefangst. Foto: Asle Øydvin



Fjellet byd på eventyrlige opplevingar. Foto: Asle Øydvin

NORSK NATURSENTER HARDANGER
EIT SPENNANDE OPPLEVINGSSENTER FOR NORSK NATUR, KLIMA OG MILJØ.
HARDANGERVIDDAAHALLEN RESTAURANT NORSK MATKULTUR KOMBINERT MED DET MODERNE KJØKKEN

VELKOMEN TIL Å UTFORSKADET VAKRASTE NORSK NATUR HAR Å BY PÅ

Norsk Natursenter / Øvre Eidfjord / Telefon: + 47 53 67 40 00
post@norsknatursenter.no / www.norsknatursenter.no

Takk for besøket i år og ynskje om ei
God jol
&
Godt nytt år til alle
frå fotterapeuten

• • • • •

Følg gjerne Eidfjord fotterapi på **facebook**.
For timebestilling i det nye året ring eller sms til
458 53 527

Stort utval i gåver og bruksting!
Opningstider:
Tysdag og Fredag – kl. 10.00 - 18.00
Siste 14 dagane før jol
vil me ha utvida opningstider.
Velkommen innom!

Joladans med
Naglabeat
Eidfjord Samfunshus
Fredag 27. des
kl 21.00—01.30

Naglabeat

Billetter kjøpes på:
<https://livibygd.hoopla.no/sales>

Portrett av Grete Møllendal Hereid



Tekst: Brynjulf Mugaas

Me i Eidfjordnytt ønskjer å skriva om personar som har utmerka seg i lokalsamfunnet innan politisk verksemde, kultur- og næringsutvikling og elles. Denne gongen er turen kome til Grete Møllendal Hereid. Grete har lagt ned eit svært omfattande arbeid innan husflidsnæringa i kommunen og fortener ein omtale i bladet vårt.

Me har avtala ein prat med Grete og møter ho til hyggjeleg samtale over ein kopp kaffi. Ho etablerte i 1983 husflidsverksemda Hardanger Flid saman med Hulda Brimnes, Magnfrid Hellevang, Anna Myklatun og Peggy Brandt. Denne verksemda har Grete hatt ansvaret for heilt til no i oktober 2019. Det omfattande arbeidet som her er lagt ned i 36 år ønskjer me å koma attende til seinare i portrettskrivinga.

Sivil status / utdanning / arbeidsrøynsle

Me spør innleiingsvis om sivil status. Grete fortel at ho vart fødd i 1944 i Hus i Kinsarvik. Der vaks ho opp som einebarn. Grete har to born. Dottera, Ragnhild, er busett på Voss og arbeider som industrimekanikar og trailersjåfør. Sonen, Hallstein Andreas, har sitt arbeid innan oljebransjen, har gardsbruk og driftar verksemda Hereid Maskin. Grete fortel at ho mista eit barn berre 3 dagar gammal. Ho fortel vidare at ho mista mannen, Oddvar, i 2016 berre 70 år gammal.

Me spør så om hennar utdanning og arbeidsrøynsle. Grete kan her fortelja at ho har eksamen frå framhaldsskule, folkehøgskule og yrkesskule i Odda samt 2 års husflidsskule på Voss (1977-1978.) Etter folkehøgskule var Grete 2 år i frisørlære på Voss.

Me ønskjer å vita meir om den omfattande arbeidsrøynsle me veit Grete har hatt. Grete fortel då at ho etablerte verksemda Hardanger Flid i 1983 og at ho har vore aktivitør på Bygdaheimen og lærar i forming både ved Kinsarvik ungdomsskule, Lægreid skule samt Sekse og Ystanes skular. Ho kan og sjå attende på fleire år i Friundervisninga med kurs i vevning, planfarging og spinning.

Grete fortel vidare at ho i yngre dagar hadde frisørsalong i Kinsarvik og ambulerte som frisør til Lofthus, Djønno, Utne Hotel, Alsåker og Eidfjord Gamleheim (no Eidfjord Bygdaheim).»Dette arbeidet



Mor og dotter

var som oftast i samband med 17.mai-feiring og jolahøgtid då folk ville pynta seg», fortel Grete. Grete har også jobba på Utne Museum med vevning og spinning.

Grete vil elles særleg nemna at ho, saman med tidlegare sosialsjef Marit Skiple, etablerte Fritidsverkstaden. Verkstaden vart lokalisert i første høgda i NVE-bygget. Dette vart etter kvart eit populært tilbod til den eldre garde i kommunen.

Grete kan fortelja at ho var ei drivkraft i samband med etableringa av Ullensvang- og Eidfjord husflidslag. Her vart ho og den første

leiaren. Laget vart seinare til tre separate husflidslag. Dette vart Ullensvang husflidslag, Folgefonna husflidslag og Eidfjord husflidslag.

Utviklinga frå etableringa av Hardanger Flid i 1983

Me spør om korleis etableringa av verksemda byrja. Grete fortel at dei ikkje hadde eigne midlar til å setja inn i drifta av verksemda, men var så heldige at dei fekk ei pengegåve på kr.5000 frå ein privatperson til å kjøpa elektronisk strikkemaskin for. Hardanger Flid vart først etablert som P/L (partslag), seinare B/A (begrensa ansvar) og er no i 2019 eit privat eigd selskap. Grete kan og fortelja at 6 damer kvar tilførte verksemda kr.100.- i etableringsfasen.

Hardanger Flid fekk tilbod om gratis kurs frå kommunen. Dette var særleg viktig i ein startfase. Grete fortel at dei i byrjinga produserte ulike vestar, gensarar, skjerf og drakter etter tinging. «Her vart god oppslutnad for kurset med i alt 28 deltagarar», fortel Grete nøgd.

«Etter at kurset var ferdig, var det ingen som hadde interesse av å vidareføra det dei hadde lært. I kurstida produserte deltagarane til eigne føremål», legg ho til.

Det vart berre Hulda Brimnes og Grete Møllendal Hereid som vidareførte arbeidet etter kursslutt. Dei byrja litt etter kvart å sy både dame- og herrebunader. Harry Anna og Marita Kvale hjelpte til med sying av damebunader.

Me vil gjerne vita litt meir om utviklinga vidare. Grete fortel at Hardanger Flid byrja å laga biletvevkartongar (mønster) til biletvev med mønster ifrå Dagfinn Instanes, Liv Eitrheim, Øyvind Sand (far til Vebjørn Sand), Britt Svenni m.fl.

Grete fortel og at Hardanger Flid i dag lager 40 ulike mønster. Trestativ for biletvev vert levert av Olaf J.Bu.»Biletvevkurs var svært interessant», seier Grete bestemt. »Her var ofte deltagarar frå heile landet på slike kurs og ulike handverkarar leia kursa», fortel ho vidare.

Grete kan fortelja at her på det meste var 6 deltidstilsette (1994) ved verksemda og at dei hadde bunadsverkstad i NVE-bygget og sal av husflidsprodukt i Sentrumsbygget. Dette vart eit tilbod til folk i bygda som laga ulike produkt.»Me fekk BU-midlar (bygdeutviklingsmidlar) til å kjøpa industrimaskiner og datapresse for. Me fekk også eit tilskot ifrå Eidfjord kommune. Dette kom vel med», seier Grete.

Bunader / biletveving

Me spør om bunadsarbeidet. Grete kan her fortelja at Hardanger Flid syr og leverar alt tilbehør til både dame- og herrebunader. Dei har tilbod om både bringklutar, belte, sko, hattar, sokkar og sylv frå verksemda Vossasølv. »Målgruppene er utflytta eidfjordingar, hyttefolk og andre med tilknyting til bygda. Me har også kundar frå Bergen og landet elles», fortel Grete.»Me er særleg glade for å ha kunna sydd og levert skreddarsydd bunad til ein japansk felespelar. Det var Ullensvang Hotel som kom med råd til oss om dette», seier ho med ein glad tone. »Det var ei stor ære for oss at Edmund Utne valgte oss til å sy bruredrakta», fortel Grete nøgd. Ho fortel vidare

Hardanger Flid
Bunad og biletvev - 5783 Eidfjord



Nr. 9
«Kvitebjørn
Kong Valemon»
Størrelse: 78 x 55 cm.
Teikna av Liv Eitrheim.

at hotellet har ein glasmonter der alle typar Hardangerbunader er utstilte. Nokre av desse har Hardanger Flid laga.

Hardanger Flid er viden kjent for sine biletvevmønster (kartongar). Grete kan her fortelja at dei produserer og leverer produkt til heile verda, og har til dømes levert fleire kartongar til den største husfliden i Tokyo. Hardanger Flid sel i dag 40 ulike mønster, garn til vevning og leverer biletvev, råmer og stativ. Her har verksemda etablert eit lokalt samarbeid med Olaf J. Bu.

Me spør så om kva ho meiner har vore det mest gjevande arbeidet i tida hennar ved Hardanger Flid. Ho vil her særleg nemna biletvev og bunader. Grete vil også nemna at Hardanger Flid er godt kjent som lærlingeverksemde i bunadstilverking. Verksemda har hatt 2 lærlingar dei siste åra.

Me spør om kor lenge Grete ønskjer å halda fram med arbeidet sitt. »Til 1924 / 1925,» seier Grete bestemt. Dette synest me er imponerende i ein alder av 75 år.

Politisk arbeid / verv og anna

Me spør om politisk arbeid og verv. Grete fortel at ho var medlem av Tiltaksnemnda i kommunen i nokre år på 1990-talet, samt dagleg



leiar for organisasjonen «Håndtverkarbrue» seinare». Dette er ei nettverksgruppe», fortel ho. Grete kan vidare fortelja at ho fekk ein kulturpris frå kommunen for arbeidet sitt.

Oppsummering

Grete Møllendal Hereid har heilt sidan 1983 lagt ned eit svært omfattande arbeid innan husflidsnæringa i kommunen og Hardangerregionen. Dei har heile tida hatt eit breitt samarbeid med lokale aktørar samt andre aktørar utover kommunegrensa.

Når Grete ein gong sluttar, vil ho etterlate seg ein kulturarv fordi ho har ivaretake og vidareført lokale bunadstradisjonar og tilført kommunen verdfulle deltidsarbeidsplassar. Hardanger Flid syr og leverer alt tilbehør til Eidfjord- og Hardangerbunaden, både kvinne- og mannsbunader. Den som ønskjer bunad, kan få den skreddarsydd hjå Hardanger Flid. Her vert seld alt tilbehør til bunaden som sylvslyjer, hattar, sokkar og sko m.m. Her har opp gjennom tidene vore svært stor interesse for kjøp av bunader som verksmeda har sydd. Kundane har vore utflytta eidfjordingar, bygdefolk, bergensarar, hyttefolk osv.

Hardanger Flid er og kjent for sine biletvever. Grete og hennar medarbeidarar har utvikla, produsert og seld biletvevkartongar (mønster) som er vide kjent. Grete kan fortelja at Hardanger Flid allereie har tingingar på bunader heilt fram til 2024 – 2025. Me spør kor lenge Grete ønskjer å halde fram med arbeidet sitt. «Eg er bestemt på å halde fram til den tid om helsa tillet det», fortel ho. Dette synest me er imponerande i ein alder av 75 år.

Me takkar for ein god samtale og ønskjer Grete og hennar medhjelparar lukka til med arbeidet i åra som kjem.

Eyvind Eidhammer (54)

Kommunalsjef for helse og oppvekst

Tekst: Glenn Wiik

Foto: Åshild Søvik



Eyvind Eidhammer.

4.divisjon. Han har også vore aktiv spelar i 1.divisjon - så dette har han god greie på.

Som kommunalsjef får han ansvaret for å sjå heilsapeleg på tilbodet innanfor skule, helse og oppvekst. Gode førebyggings tiltak er avgjerande viktig for å lukkast med å skapa gode oppveksttilhøve for barn og unge.

Eidfjord kommune vedtok for ei tid sidan å gjera endringar på administrativ struktur. Tidlegare var det rådmann og einingsleiarar under han. No er det eit nytt nivå under rådmannen, kommunalsjefar.

Eyvind har difor starta i ei stilling som ingen har hatt før han. Det kan vera både plussar og minusar med å fylla ei ny stilling. Ein har ingenting å støtta seg på, men samstundes kan det vera fint med blanke ark og moglegheitene til å gje stillinga eit innhald som tek aktuelle utfordringar på alvor.

Eyvind har både fagkompetanse og yrkesfaring som gjer at han kan fylla denne viktige jobben. I botnen har han lærarutdanning med vidareutdanning innan leiing og administrasjon. Før han kom hit var han rektor på Voss ungdomsskule, ein jobb som byd på utfordringar og erfaringar på fleire område enn det rein skulefaglege.

Eyvind har også vore røykdykker i brannvesenet og fotballtrenar for lag i 3. og

båt i Folkedal, liker å gå på ski og synst naturen byd på mange gode opplevingar.

Me nemnde så vidt fotball.. han er over middels interessert. Arsenal er favorittlaget og fotballhelgetur til England står på lista om sjansen byd seg.



OPNINGSTIDER JOLA 2019

Siste opningsdag før jola:

Fredag 20.12.2019, Kl. 08.00 – 16.00

Me opnar att:

Tysdag 06.01.2020, Kl. 08.00

Ynskjer alle våre kundar ei god jol og eit godt nyttår!



Hardanger Økonomiservice AS

autorisert rekneskapsførarselskap · www.hardanger1.no

• • • • • • • •
•
• **Annes salong ynskjer** •
• **dykk alle ei God Jul og** •
• **eit Godt Nyttår** •
•
• • • • •



Åpningstider i Julehelga

Mandag 23.12 08.30 – 12.00

Fredag 27.12 10.00 – 15.00

Mandag 30.12 10.00 – 15.00

Adr. Simadalsveien 2 | tlf 53 66 50 29



Utstyret som vart brukt.



Ny veg.

Sluttarrondering av Isdalstippen

Tekst og foto: Arne Bu

Etter mange år med uttak av tunnelmassar i Isdal er det no slutt. Det har i mange år vore teke ut massar frå Isdalstippen til bruk i Sysendalen. Dette har mellom anna vore brukt til samfunnsvyttige tiltak som tilslag i asfalt, veg og hyttebygging.

Iسدalstippen vart etablert i byggjetida for Eidfjordanlegga, Sima kraftstasjon. Isdalstippen var eit deponi av tunnelmassar frå overføringstunnelen mellom Sysenvatnet og Rembesdalsvatnet. Det var eit tverrslag på overføringstunnelen i Isdal. Dette er i dag synleg lengst inne i dalen.



Før arondering.

Det er Flage Maskin AS som har utført arbeida med sluttarronderinga i Isdal med eit flott resultat. Vegen har vorte flytta noko mot sør/aust. Det er etablert parkeringsplass og plass for samling av sau. Det er også gjort terrengendringar slik at det skal sjå naturleg ut. Heile området er i tillegg jordslått, slik at det kan komma ny vegetasjon. NVE, som skal godkjenna sluttresultatet, har skrive at «tippen i Isdalen er lukket og arrondert med meget godt sluttresultat innen fristen».



Etter ferdigstilling.

Ingrid Stakseng Ukvitne (38)

Konsulent

Tekst: Glenn Wiik

Ingrid er den første du møter, enten du ringer til kommunen eller kjem innom. Ho har sitt arbeid i resepsjonen og svarer på alle slags spørsmål, formidlar beskjeder, sel jakt- og fiskekart, bøker, treningskort, leiger ut nøklar til Kvamsdalsvegen og kommunale bygg, går med posten, legg ut interessant informasjon på kommuneappen og endå meir smått og stort som dukkar opp i kvardagen.

For å klara dette må du ha både kompetanse og dei rette personlege eigenskapane. Du må ha god kompetanse innanfor data og teknologi, og du må vera tålmodig, imøtekommende, serviceinnstilt, venleg og lika å ha kontakt med alle slags menneske.

Alt dette har Ingrid og passar difor perfekt i jobben. Som kommunen sitt ansikt utad er dette ei svært viktig stilling som betyr mykje for korleis publikum oppfattar Eidfjord kommune som serviceinstitusjon for innbyggjarane og alle andre som treng kontakt med ei eller fleire avdelingar her på huset.

Som mange andre ungdomar frå Eidfjord måtte også Ingrid reisa ut for å gå på skule. Ho var russ på Voss i år 2000, gjekk på

Reiselivsfag på Vatle, tok BI nettstudium og har etter det hatt ulike jobbar på Voss og i Eidfjord. Ho var tidlegare også ein kortare periode innom Eidfjord kommune, og frå sommaren 2019 vart det fast jobb, noko som både Ingrid og kommunen er veldig godt nøgd med.

Ingrid er eidfjording og bur på fjellet saman med mann og 2 born, ei jente på 9 år og ein gut på 12. Dei liker godt å spela fotball og mykje av fritida går med til å køyra ungane til og frå trening og kampar. Vert det tid utanom, liker Ingrid godt å lesa, gå på tur, plukka bær og gå på ski.

Villmarka startar rett bak huset.
Foto: Ingrid Stakseng UkvitneIngrid i sitt rette element.
Foto: Ingeborg Tulle Stakseng

Julehandel på Voss
**OVER 30 BUTIKKAR
OG GOD PARKERINGSPLASS TIL ALLE**

OPNINGSTID 10-19 (18)
MENY 8-21 (20)

PS! EKSTRA LANGOPE 16.-21.12. & 23.12. 10-20



AMFI Mykje å gle seg til. Alltid.

AMFI
VOSS

HARDANGERVEGEN 25
AMFI.NO/VOSS

Nye kommunestyrerepresentantar



Grete Næss (SV)

Som politikar vil eg arbeida for ei berekraftig turistnærings. Det handlar om å ta vare på behova til dagens turister utan å øydeleggje for framtidige generasjonar si moglegheit til å reise og oppleve det same. Eit fornya sentrumsbilete prega av god infrastruktur, og gode tilrettelagte fasiliteter for både tilreisande og lokalbefolking er noko eg vil arbeida for!

Eg er og svært oppteken av dei minste i samfunnet. Eg ynskjer å vere ei stemme for borna, og gje ei stemme til borna. Endring, utvikling og kvalitet i barnehage/skule er viktig!

Eg ynskjer å jobba for at Eidfjord skal vere ei bygd der alle kan føle seg godt ivaretatt, og er ein del av eit inkluderande fellesskap.



Anett Viveli (SV)

Som politikar dei neste fire åra ynskjer eg å arbeide for at bygda vår skal vera ein trygg, god og attraktiv plass å bu i for alle våre innbyggjarar. Særsviktig for meg er å skape gode og trygge oppvekstvilkår til borna og ungdomen som er framtida vår. Me må difor ha fokus på kvalitet i barnehage og skule.

Den aukane masseturismen engasjerer meg veldig. Er målet vårt at Eidfjord i framtida skal vera ein god turistdestinasjon, så må innbyggjarane gle seg over å ynske folk velkomne. Då må me ta nokre grep når det gjeld sentrumsbiletet og ikkje minst cruiseturismen. Me må arbeide for cruisekontroll! Det må innførast strengare

tiltak til cruisenæringsa dersom dette skal vera ei berekraftig turisme.

Ei anna utfordring er naturen som er berebjelken for turismen lokalt, både den og dyrelivet er sårbar. Øydelagt natur vil ikkje berre ramma komande generasjonar som vil bu her, det tek og vekk grunnlaget for turisme. Det er også særsviktig for meg at me får på plass eit grønt og levande sentrum som tek vare på innbyggjarane våre og dei tilreisande.

I ei tid med nedgang i folketalet er det særsviktig å fokusera på å skapa vekst. Det vil difor i denne perioden vera viktig å arbeide for å skape gode, trygge og stabile arbeidsplassar, samt støtte opp om det lokale næringslivet og bevare og trygge dei arbeidsplassane me allereie har.



Kari Lægreid (Sp)

Saker eg vil arbeide for er i hovudsak det som står i partiprogrammet til Senterpartiet.

Viss eg skal fremja nokre saker eg vil arbeida for framover er det:

- Utarbeida ein overordna turistplan for Eidfjord. Det er viktig at både innbyggjarane og dei som vitjar Eidfjord har gode og trygge møteplassar. Tenkjer at det er potensial til å utnytta sentrum endå betre enn kva me gjer i dag. Vil og arbeide for at store bussar ikkje skal ha parkeringsplass midt i Eidfjord sentrum, me bør sjå på andre alternativ for slik trafikk.

- Støtta opp om initiativ for heilårsturisme. På sumaren er det mykje liv og røre i bygda. Håpar og trur me kan få til meir aktivitet i løpet heile året. Dette kan føre til fleire arbeidsplassar i Eidfjord.

- Må trekka fram at eg vil arbeide for å realisera Hardangervidda-tunellane. Det å kunne ha ein heilårsveg aust-vest meiner eg vil vera positivt for Eidfjord.
- Når det kjem til skule og barnehage er eg oppteken av at alle årstrinn skal få same tilbod om varmt måltid. Dette er like viktig på småbarnsavdelingar som i skulen. I eit folkehelseperspektiv er det svært positivt at unge vert introdusert for sunne og gode måltider. Det vil og vera ein sosial arena, der dei unge får gode matopplevingar.



Håvard Sæbø (Sp)

Eg vil først og fremst jobbe for at Senterpartiet får partiprogrammet sitt gjennom. Viktige saker for meg personleg er at me sørger for at Eidfjord er ein attraktiv kommune å bu i som kan yte gode tenester til innbyggjarane sine.

Reidar Meel (58)

Organisasjonssjef

Eidfjord kommune har fått ny organisasjonssjef. Han er opprinnelig sogning, frå Balestrand, men har budd det meste av livet i Ulvik. Etter utdanning innanfor planlegging og administrasjon frå høgskulen i Volda starta han i Ulvik som konsulent i administrasjonen i Ulvik herad. Etter kvart var det fleire funksjonar – personalarbeid, formannskapssekretær, ansvar for kompetanseheving og HMS-arbeid. Frå 2002 var han assisterande rådmann fram til han slutta i stillinga i 2017. Då starta han i Voss kommune som prosjektleiar for ny kommuneplan for Voss herad 2020-2032. Dette er solid fagkompetanse og brei yrkeserfaring som kjem godt med i arbeidet han no har teke fatt på i Eidfjord kommune.

Sidan kommunen har bestemt deg for å utvikla ein ny administrativ organisjonssmodell, vert Reidar sentral i gjennomføringa av dette arbeidet. Poenget er å laga ein tydeleg leiarstruktur som gjev

optimal tenesteproduksjon, gode system for tilsetjingar, kompetanseheving og velfungerande internkontroll (HMS). Han får òg ansvaret for beredskap og å syta for godt og samanhengande arbeid på tvers av organisasjonen.

Reidar er sambuar og har 3 vaksne barn og 4 barnebarn. Han synest det er veldig kjekt å vera saman med familien og særleg kjekt er det å kosa seg saman med barnebarna. Kona er frå Helgeland og feriane går difor nordover til vakker natur, eventyrlege fiskemogleigheter og andre flotte naturopplevingar. Friluftsliv i alle variantar står Reidar sitt hjarte nær, men skulle det koma nokon med forslag om ei treningsøkt eller fotballkamp på løkka takkar han heller ikkje nei. Reidar er også glad i å reisa – og oppleva andre land og kulturar. Ein tur til Sri Lanka i 2015 toppar nok lista over reiser han har vore med på.



Reidar Meel

Tekst: Glenn Wiik
Foto: Rigmor Hansen

KINO I DESEMBER

Fredag 27.desember, kl.18.00.
«FROST 2»



Fredag 27.desember, kl 20.00.
«TUNNELEN»



Sensur: og speletid vert opplyst seinare på Eidfjord kommunale kino si facebook side.

Meir informasjon om filmane kan en finne på www.filmweb.no

Studiesenteret.no + OsloMet = sant!

Tekst: Timo Knoch

Studiesenteret.no AS er eit nasjonalt nettverk for utdanning og livslang læring, og organiserer i dag ca. 40 studiesentra i 15 fylker. Studiesenteret.no distribuerer studiar frå norske utdanningsinstitusjonar til regionar og lokalsamfunn. Dei einskilde studiesentra ynskjer å vera motor i lokal og regional kompetanseutvikling. Eidfjord kommune har i fleire år lagt til rette for dette med det lokale studiesenteret i sentrumstunet for studentane.

No har studiesentra gått inn i ein ny fase; sidan august 2019 er Studiesenteret.no ein del av OsloMet. Denne godt etablerte utdanningsinstitusjonen - som tidlegare heitte Høgskulen i Oslo og Akershus - ønsker å videreutvikla Studiesenteret til å bli eit attraktivt nasjonalt nettverk for

livslang læring og at mange universitet og høgskular vil tilby utdanninger gjennom dette nettverket. Studiene som allereie er i gang gjennom Studiesenteret vert vidareført, parallelt med at det skal utviklast nye etter- og vidareutdanninger som kan tilbys gjennom denne kanalen.

Denne hausten vart emne i Arkivdanning og arkivsystem satt i gang, og etter nyttår vil tilbodet Seksuell helse og seksualitetsundervisning verte lyst ut.

Framover skal det òg jobbast med å utvikla tilbod innan ulike fagområde der kommunane eller det lokale næringslivet har behov for kompetanseheving. Har du innspel? Ta kontakt!




VINDOKSLE

Foto: Sjur Sandvik



Vindokslle ligg og ventar på deg. Her ser du vegen opp.



Premien når du kjem til toppen.

Ordførar Anders Vatle (37)

Tekst: Brynjulf Mugaas

Då tidlegare ordførar Anved Johan Tveit slutta etter 4 kommune-styrebolkar, vart Anders Vatle vald som ny ordførar. Vatle, som Tveit, representerer Senterpartiet og har vore kommunestyremedlem i siste periode.

Konstituerande kommunestyre med nye representantar var sett til fredag 25/10-2019. Her 9 kvinner og 8 menn i det nye kommunestyret i Eidfjord kommune. Gjennomsnittsalderen er 36 år.

Familietilhøve / utdanning / arbeidsrøynsle

Me spør om familietilhøve, utdanning og arbeidsrøynsle.

Anders fortel at han er fødd i 1982 og vaks opp på Lægreid i Eidfjord. Han har sambuar og to born som er i barnehagealder. Anders og familién er busett på Boldstadgarden – Lægreid.

Me spør vidare om utdanning og arbeidsrøynsle.

Anders kan her fortelja at han er utdanna ingeniørgeolog frå NTNU. Han har og ½ års etterutdanning innan plan & byggjesak. Anders fortel at han hadde sitt første arbeid i perioden 2007-2013 i Lesja kommune i Gudbrandsdalen. Her var han først byggjesakshandsamar, deretter teknisk sjef og til sist leiar for forvaltning og utvikling etter ei intern omorganisering. Frå 2013 -er han tilsett i Norconsult med oppmøte i Eidfjord. Her arbeider han med stort sett med prosjektering- og byggjeleiing.

Store oppdrag Anders har vore med på i Norconsult er byggjeleiing for Statnett for ein sjøkabel mellom Noreg og Storbritannia, og nye fjellhallar for Boliden i Odda.

Me spør så om bakgrunnen for at Anders byrja i politisk verksemd. »Ved nominasjonsarbeidet for ny liste for Senterpartiet til kommunevalet i 2015, vart eg spurt om eg var villig til å stilla eit stykke ned på lista», fortel Anders. Han vart i valet fast medlem i kommunestyret. I samband med nominasjonen for denne perioden vart Anders spurt om å vera første kandidat på vallista til Senterpartiet i Eidfjord. Han takka ja til dette.

Utfordingar / mogelegheiter

Her har vore, og det er god økonomi i kommunen og ein har eit handlingsrom for å løysa oppgåvene som ligg til kommunen. Me spør om korleis Anders ser på framtida. »Her er enno handlingsrom», seier han bestemt.

Anders nemner sentrumsutvikling og vinterope Hardangervidda. »Me må finna gode løysingar her», sier han. »Her er store mogelegheiter i å vidareutvikla Eidfjord Cruisebåthamn. Ei vidareutvikling av t.d. attraksjonane me har, vil kunna medføra mindre press i sentrum av Eidfjord», seier Anders.

Me veit at cruisebåtane medfører noko forureining. Anders nemner her landstrau-manlegg.» Dette vil kunna fanga opp det meste av utslepp når båtane ligg ved kai», seier han.

Me spør om kva røynsle Anders hadde i sin første periode i Eidfjord kommunestyre.» Det var mange saker å setja seg inn samt å finna dei rette fora til å påverka det ein kan påverka», seier han.

Me spør om kva røynsle han har så langt som ordførar.

«Eg føler meg godt motteken i kommunen. Her er mykje å setja seg inn i. Eg ser fram til det vidare arbeidet i Eidfjord kommune»,

seier Anders. Her er ein låg gjennomsnittsalder i kommunestyret. Korleis trur du det vert å samarbeida med desse?» Eg sikker på at dette skal gå bra», seier Anders.

Oppsummering

Me har hatt ein hyggeleg samtale med ordførar Anders Vatle. Anders fortel at han ser fram til å arbeida saman med den nye kommunestyregruppa. Han hadde sitt første kommunestyremøte fredag 25/10-2019.

Han meiner at kommunen vil ha handlingsrom i framtida når det gjeld oppgåveløysing generelt.» Ein NOU-rapport konkluderer med at kommunale kraftskatteinnkome vil gå over på statlege hender og så delast ut att til kommunane. «Dette vil ikkje vera å bryta med dei vilkår me aksepterte Eidfjordanlegga under, og me må arbeida mot det. Både kraftprodusentane og berørte kommunar er sterke motstandarar mot NOUen og det vert arbeidd på alle arenaer for å hindra at dette vert gjennomført.» seier Anders.

Han gjev uttrykk for at han er godt motteken på kommunehuset og skal ha ein runde innom dei ulike avdelingane om ikkje lenge.

Anders har god relevant utdanning- og arbeidsrøynsle. Dette vil vera nyttig for han framover.

Me takkar for samtalens og ønskjer Anders lukka til med vervet som ordførar i Eidfjord kommune dei neste 4 åra.



Barnetrinnet på Lægreid skule sjarmerte med song og dans.



Sal av kaffi og kaker gjekk strykande.



TV-aksjonsbasar på samfunnshuset

Tekst og foto: Kari Sissel Bjøtveit

Den 16. oktober var tida komen for den tradisjonelle basaren til inntekt for TV-aksjonen. Dette året går pengane til organisasjonen Care med undertittelen «Nå er det hennes tur».

Det vart ein flott kveld med mykje folk, gode kaker, fin song, dans og flotte gevinstar. Alt i alt var det super stemning slik som berre ein basar i Eidfjord kan ha!

Barnetrinnet ved Lægreid skule fekk inn 27.485 kr, ein flott sum. Takk til alle som kom på basaren vår!



Eid fjord ungdomsråd

Tekst: Emilie Viveli Tveit
Foto: Bergljot Maria Veivåg

Eid fjord ungdomsråd 2019/2020 er no konstituert. Ungdomsrådet består no av fem medlemer og ein vara; Emilie Viveli Tveit som leiar, Matilde Myklatun Hole som nestleiar, Oda Medhus, Mathea Viveli og Hedda Djønne Eriksen som medlem. Maren Viveli er varamedlem.

Året som gjekk løyvde ungdomsrådet budsjettet sitt og delar av neste års budsjett til skifte av dekke og treverk på ballbingen. Dekket vart skifta i juni og no har riveprosessen av treverket starta. Emilie, Oda og fleire frå Hardanger ungdomsråd var på Stortinget og snakka om lovfesta responstid på ambulanse. Emilie og Matilde var og i formannskapet og snakka om at sikkerheita på kaia ikkje er god nok og at innbyggjarane føler at dei ikkje vert ynskja i sentrum då turismen er første priorititet.

Framover no vil me jobba for eit godt ungdomsmiljø. Arrangement for unge er eit stort fokus, då ungdomsrådet og er styret til fritidsklubben i Eid fjord. No har det vorte

lovpålagt med ungdomsråd og eldreråd i kommunane, men det betyr ikkje at råda er velfungerande berre fordi dei finst. Me vil difor jobba for å få gode og engasjerte råd i kommunen, der alle aldrar føler seg sett og høyrd. Eit sterkt ynske og fokus me vil ha gjennom året er å få uttala oss i fleire saker og ha eit betre samarbeid med kommunestyret. Me er på god veg då me

nett har blitt lova å få tilsendt sakspapir samstundes som dei andre medlemmane i kommunestyret. Ei berekraftig utvikling av samfunnet er viktig, me vil vera ei stemme i sentrumsutviklinga.

Me er alle klare for eit innhaldsrikt og godt år i ungdomsrådet. Me er på god veg då me



Ingrid Bakke (29) Byggjesakshandsamar

Tekst: Glenn Wiik
Foto: Åsmund Aarsand



Byggjesaksavdelinga i Eid fjord kommune har fått forsterking. Ingrid starta i sin nye jobb i august som nyutdanna jurist frå Universitetet i Bergen. Stor byggjeaktivitet, særleg i fjellet, syt for travle dagar på kontoret. Byggjesak er eit fagområde der ein må forhalda seg til mange lover og reglar, difor er det godt dei er to som kan hjelpe kvarandre. Ikkje minst er det fint å ha nokon å diskutera med når ulike sakar skal få best mogleg løysing.

Ingrid bur på Ringøy saman med sine to hundar, ein jaktlabrador på 11 år og ein jaktgorden retriever på 1 ½. Dei seier ikkje nei til leik og moro og kjekke turar i skog og mark. Og det veit alle som har, eller har hatt, hund – dei vert aldri lei, og får aldri nok av kvalitetstid saman med eigaren sin.

GRØN KONKURRANSEKRAFT – KOMMUNAL STØNAD FOR MILJØSERTIFISERING

Tekst: Timo Knoch

Norske kommunar og fylkeskommunar er viktige aktørar for å redusera klimagassutslepp i Noreg. Det kan dei gjera gjennom eiga drift, og gjennom å påverka andre aktørar – særleg næringslivet. På same måte som nasjonale myndigheter har incentiver for å stimulera næringslivet til miljøleining, kan lokale myndigheter gjera det. Eid fjord kommunehus vart miljøfyrtårnsertifisert i fjor november og kommunen har ei rolle som forplikter til å leggja til rette for miljøfyrtårnsertifisering og oppfylging i eigen kommune. Miljøsertifisering er eit verktøy som reduserer miljøbelastningen, betrar arbeidsmiljøet og oppnår

konkurransefortrinn. Offentlege myndigheter stiller stadig oftare miljøkrav ved innkjøp av tenester og varer. Men også private ynskjer i stadig større grad å ta miljøvenlege val.

Som Miljøfyrtårn har kommunen forplikta seg til å ha ei viktig rolle med å oppfordra til, tilretteleggja for og bistå bedriftene i Eid fjord med sertifisering. Kommunen kan ikkje ta på seg ei aktiv rolle i prosessen, men me har moglegheit til å gje økonomisk tilskot til fyrstegangssertifisering som insentiv til å satsa i einskildverksemder og organisasjonar til å driva sertifiseringa

framover i samråd med konsulentar. Bedrifter som ynskjer å sertifiserast etter Miljøfyrtårn vil få dekkta faktiske kostnader for etableringsgebyr (inntil kr 10000,-), konsulent (inntil kr 50000,-) og sertifisør (inntil kr 10000,-).

Miljøsertifisering kan gje nærings- og organisasjonslivet i Eid fjord eit konkurransesfortrinn og styrkja merkevaren og omdømme; samtidig kan bedrifter oppnå kutt i kostnader og senka sjukfravær. Ta kontakt om du har spørsmål om tilskotsordninga!



Dronebilete syner nye bygdaheimen frå lufta. Foto: Olav Lægreid

Nye Bygdaheimen

Tekst: Gunn Sandvik
Foto: Erik Sandvik

Sjukeheimen og omsorgsbustadene er no på det nærmeste ferdig, med unntak av hagen. Ein reknar med å kunna ta omsorgsbustadene i bruk ca. 1 desember 2019. Her er nokre bilete som gjev glimt av korleis omsorgsbustadene ser ut.



Toalettrom i omsorgsbustadene.



Omsorgsbustader sett frå Lægreidsvegen.



Utsikt frå altan.



Moderne og stilreint kjøken.



Ny bygdaheim sett frå sentrum.

FRIVILLIGE SOM FRUKOSTVERTAR PÅ BYGDAHEIMEN

Tekst: Gunn Sandvik

Bygdaheimen har starta med ei ordning med frivillige som frukostvertar laurdagar og sundagar. Me har nokre frivillige men treng fleire. Å vera frukostvert er mest av alt eit sosialt tiltak. Frukostvertane dekker på bordet pålegg og mjølk. Dei er til stades når bebruarane kjem til frukost og viser dei plassane sine. Så sit dei saman med beubarane og et ein god frukost. Det viktigaste er å halda praten i gang og gjera stunda naturleg og hyggeleg. Tidspunkt er kl. 8.30 – kl.10.00. Om du tenkjer at dette er noko du kan hjelpe med så ta kontakt med frivilligkoordinator Solveig Djønne, tlf. 53673570 og meld interessa di. Opplæring vil verta gjeve.

Dynafit Hardangerjøkulen Ultra

Tekst: Anita Limstrand

I sommar vart det første offisielle Dynafit Hardangerjøkulen Ultra arrangert i Eidfjord. Første utgåva av løpet vart ein suksess frå første stund.

Dynafit Hardangerjøkulen er eit nytt 100 km ultraløp som går rundt Noregs finaste isbre – Hardangerjøkulen. Heile vegen er ein på fine stiar, tett oppunder jøkulen. Sjølv om løpet stort sett går på velkjente stiar må deltarane ha med GPS, då løypa ikkje er merka. Undervegs er ein innom sjekkpunkt på Finse, Krækkja og Kjeldebu. Då har ein sprunge/gått rundt heile jøkulen, ein distanse på 100km.

Løpet starta kl. 07.00 den 13. juli frå Liseth og sistemann var i mål på morgonkvisten dagen etter. Gjennom dagen kunne supportarar og crew nyta sola og ein kopp kaffi i solveggen på Liseth. Samtidig kunne ein følga knivinga i teten av løpet på live-trackinga, som til slutt vart vunne av Askild Vatnbakken Larsen.

Tilbakemeldingane etter løpet var strålende! Både deltararar og crew var strålende nøgde og gleder seg allereie til neste år.

«Jeg har vært i Eidfjord mange ganger i forbindelse med Norseman. Lite visste jeg om at Eidfjord har så mye å by på om man bare tar et steg bort fra hovedveien». Steve Ashworth, England.

Xtremeidfjord arrangerer nå tre løp i Eidfjord. Dynafit Hardangervidda Marathon, Dynafit Hardangerjøkulen Ultra og det velkjente Åsnes Expedition Amundsen.

Disse tre løpa trekk deltararar frå heile verda. I 2019 har me til saman hatt omlag 750 deltararar på våre løp, i tillegg til alle supportarar, familie og venner som kjem for å følga med.



Foto: Kai-Otto Melau

No er planlegginga for 2020 godt i gang og me håper på enda fleire deltararar til neste år.

Tusen takk til alle lokale samarbeidspartnerar, crew og deltararar. Utan dykk hadde det ikkje vore mogleg!

Meir informasjon om Xtremeidfjord her:

xtremeidfjord.no
facebook.com/xtremeidfjord
instagram.com/xtremeidfjord



OPNINGSTIDER I EIDFJORD KOMMUNE

KOMMUNEHUSET

24.12: STENGD
 27.12: 09.00 – 14.00
 30.12: 09.00 – 14.00
 31.12: STENGD

LEGEKONTORET

24.12: STENGD
 27.12: 08.00 – 13.00
 30.12: 08.00 – 13.00
 31.12: 08.00 – 12.00

Legevakt: 56 52 60 03

NAV
Stengd i jola. Ved behov for kommunale tenester, ta kontakt i resepsjonen

EIDFJORD FJELL & FJORD HOTEL ønskjer deg ei riktig **god Jul** og eit Sutalaust & Kjekt nytt år. Me håpar å sjå deg igjen som gjest i 2020!

Med julehelsing frå husfruen og gjengen.

Eidfjord Fjell & Fjord Hotel
www.eidfjordhotel.no



OPNINGSTIDER

23.12.19 kl 09.00-18.00
 24.12.19 kl 09.00-12.00
 25.12.19 Stengt
 26.12.19 Stengt
 27.12.19 kl 09.00-19.00
 28.12.19 kl 09.00-16.00
 29.12.19 Stengt
 30.12.19 kl 09.00-17.00
 31.12.19 kl 09.00-14.00

ME YNSKJER ALLE VÅRE KUNDER VELKOMEN TIL
EIN HYGGLIG JULEHANDEL



Statkraft er størst i Europa innan fornybar energi. Konsernet produserer og utviklar vasskraft, vindkraft, gasskraft og fjernvarme, og er en viktig aktør på det europeiske energiområdet. Gjennom eigarskap i andre selskap vert det lever straum og varme til om lag 600 000 kunder i Noreg.

Statkraft Kraftverksgruppe Hardanger har drifts- og vedlikeholdsansvar av alle Statkraft sine anlegg Hardanger.

Totalt: Mw 1870 MW / 6500 GWh

Med dagens kraftpris representerer dette e verdiskap tilgjengelig tilsvarende 2 Mrd/NOK/år. Kraftverksgruppe Hardanger har 56 tilsette og 5 lærlingar.

Statkraft leverer varer og tenester i regi av store suttar kvart år, og er ein aktiv stortespelar både til idretts- og kulturlivet i Hardanger. Verdsomfunnene er Statkraft har også inntekter kvar år frå skattar og avgifter i samarbeid med kraftproduksjonen.

www.statkraft.no



Ut på tur, aldri sur. Foto: Eirik Sæbø



Det manglar ikkje på moderne materiell. Foto: Eirik Sæbø

Eidfjord Røde Kors Hjelpekorps

Eidfjord Røde Kors Hjelpekorps blei starta oppatt 30.12. 1983 etter å ha lagt nede ein del år. På 1990-talet vart hytta på Maurseth sett opp av brakkeseksjonar som kommunen gav Røde kors.

Målet vårt er å hjelpe folk som treng det. Før var det aksjonar om vinteren som tok mest tid. Det har endra seg dei siste åra ved at me har meir aktivitet gjennom heile året. Digitalt og teknisk utstyr som folk har med seg i fjellet no, gjer at me ikkje har så mange leiteaksjonar lenger. Men skadar og sjukdom gjev mange oppdrag gjennom heile året.

Hytta har vore oppgradert jamleg, og er stor og romsleg. KO (operasjonssentralen), der alle aksjonar vert styrt frå er moderne, og har alt av tenkeleg teknisk utstyr ein kan trenga for å hjelpe folk som ferdast i fjellet i styggever.

I garasjen finnes mykje av korpset sin stoltheit. Me kan skryta av ei bandvogn, 4 scooterar, og ein flunk ny ATV. Sparebankstiftinga har støtta korpset med kr 150 000,- til kjøpet av ATV.

Aktiviteten i korpset kunne me sjølv sagt ynskt hadde vore større. Men me gjer

likevel mykje kjekt. No i haust har me arrangert kurs for ATV-køring der fleire av dei aktive medlemmene deltok. Nokre helger i løpet av vinteren har me øvingar, både lokalt og områdeøvingar. Me øver på å ferdast ute i fjellet, og å vera i KO og styra ein aksjon. Det er sosialt og kjekt, og viktig for korpset at



Grav deg ned i tide. Foto: Eirik Sæbø

medlemmene er best mogleg rusta til vanskelege aksjonar både sommar og vinter. Dei som likar å køyra scooter får ta seg skikkeleg ut slike dagar. Elles har me nokre sanitetsvakter som Norseman, Minitriatlon og Eidfjord småbanecup, Me sel og fyrstehjelpskurs til både kommunale og private bedrifter i området. 3-4 timars kurs er mest vanleg.


Me samlar inn pant i Sysendalen og i sentrum. Dette gjev oss ei god inntekt, og gjer at me kan ha godt og rikeleg utstyr til aksjonar og andre oppdrag.

I vinter vil me arrangera eit 30-timars fyrstehjelpskurs for nybegynnalar. Går

du på ungdomsskulen eller er eldre, og synes dette ser kjekt ut? Kan du tenkja deg å bli medlem, eller har du lyst å ta eit grundig og godt fyrstehjelpskurs er du hjarteleg velkommen på kurs. Info om påmelding vert lagt ut over nyttår.

Kari Tveit Hovland

-administrarande leiar-



Knut Johan Medhus har full kontroll.
Foto: Tore Tveit

KOLSKÅR & UTNE AS
RØYRLIGGJARFIRMA
EIDFJORD - GRANVIN - ULVIK

Kontakt:
Jon Kolskår - tlf. 905 46 548
Rolf Utne - tlf. 913 77 113
E-post: post@kolskarutne.no
www.kolskarutne.no



Flott produkt.



Frå venstre: Vilde, Tobias, Sander, Joakim og Albulena.

Arbeidslivsfag 8. klasse ved Lægreid skule

Tekst og foto: Liv Synnøva Myrvang

Arbeidslivsfaget skal gi eleven mogelegheit til å arbeide med praktiske oppgåver av alle slag. Han skal få øve seg i å løyse ei rekke ulike oppgåver, frå planlegging til produksjon og ferdigstilling. Slik kan eleven få arbeide med noko han inntresserer seg for, eller oppdage nye sider ved seg sjølv. I tillegg til å få innsikt i åtte yrkesfaglege utdanningsprogram i den vidaregåande skulen.

I haust har elevar i 8 klasse ved Lægreid skule laga to Kentucky-stolar i vaksen storleik, i tillegg til kvar sin i barnestorleik. Me har målt og saga, bora og montert, i tilegg til å teke att arbeid, og montert igjen. Det har vore ein kjekk haust i lag med motiverte og inspirerte elevar, og me er svært nøgde med resultatet. Fin, ikkje sant?

No ser ut til at stolproduksjonen vil utvikla seg til å bli ei elevverksem. Så dersom du er interessert i å kjøpa deg ein behageleg stol å sitja i ved bålpanna, så er det berre å ta kontakt med Arbeidslivsfag ved Lægreid skule.

Quality Hotel Vøringsfoss



Quality Hotel Vøringsfoss

Med ynskjer om ei fredeleg jol
og eit godt nytt år!



Me ynskjer deg hjarteleg velkommen til kyrkja i desember.

- **Søndag 1 desember kl. 14.30:**
Krøllefest for alle som er født i 2017.
Utdeling av dåpsminnelys
- **Søndag 1 desember kl. 18.00:**
Ljosmesse. Minikonfirmantar og konfirmantar tek del
- **Tysdag 3 desember kl. 10.00:**
Jolevandring for barnehagen
- **Tysdag 3 desember kl. 11.50:**
Jolevandring for 1-4 klasse
- **Torsdag 5 desember kl. 16.15:**
Minikyrkje for barnehageborn m familie
- **Søndag 8 desember kl. 15.00:**
Øving til jolespel
- **Tysdag 10 desember kl. 12.20:**
Adventsgudstenste
- **Onsdag 11 desember kl. 10.30:**
Joleavslutning småbornskafé
- **Søndag 15 desember:**
Toneskredo sin Jolekonsert
- **Jolaftan kl. 16.00:**
Jolegudsteneste med jolespel
- **1 joledag kl. 12.00:**
Høgtidsgudsteneste
- **Nyårsaftan kl. 16.00:**
Nyårsgudstenste



Frå jolevandringa i 2018.

Torsdag 2. januar vert det jolatrefest i kyrkjelydsalen kl. 17.00.

Du finn meir informasjon om dei ulike arrangementa på heimesida vår.
www.eidfjordkyrkje.no






Vøringsfossen


Anno 1891

Halloweenfest

Foto: Hilde Voll



Med litt hjelp fra lærerne sine, ble halloweenfesten en stor suksess. Barna hadde det kjempegøy!



Jeg heter Sapana og er på norskkurs hos Vibeke. Som del av opplæringen fikk jeg være med og hjelpe til med festen. Jeg kommer fra California og flyttet til Eidfjord i august etter å ha giftet meg med Arild Riber.

31. oktober laget øtte gutter i alderen 14-16 år i gruppa Arbeidslivsfag halloweenfest for 5.- 7. klasse. Det var Emil, Oskar, Tuktik, Simen, Svein-Egil, Aksel, Anders og den skumle typen på bildet. De hadde flere party-leker: eple-i-bøtte, limbo, stolleken, spåmann og dansekonkurranse.



Alle barna var utkledd i kostymer, og de hadde malt ansiktene sine.



Barna spiste mumiepøser og marengsspøkelser og de drakk punsj, noe alle barna likte veldig godt.



Klare for fest!



V Vekselbanken
Voss Veksel- og Landnæringsbank ASA

post@vekselbanken.no
5652 3500

- ein god medspelar -



Få full oversikt med
IHM-appen!

No kan du enkelt sjekke tømmekalenderen på mobilien og få påminning når det er din hentedag. I den nye appen finn du også oversikt over hyttereturpunkt, miljøstasjonar og opningstider. Last ned appen i App Store eller Google Play. Treng du hjelpe til å laste ned appen, finn du rettleiar på ihm.no eller du kan ta kontakt på telefon, så hjelper me deg.

IHM

56 52 99 00 | ihm@ihm.no | www.ihm.no

På naturen si side



Stinn brakke og god stemning.



Loddsæt i dei beste hender – Johanna Håbrekke og Johanna Marie Nesheim.



10.klasse selde kaffi og kaker.



Og endå fleire premiar.

Rekordbasar

Tekst: Reidar Gjøtterud
Foto: Hans Hellevang

Evjo Aktivitetssenter hadde basar på Samfunnshuset 3. nov.19.

«Me fekk sjå at folk fortsatt elsker basar. Fullt hus, ca 150 personar, masse selde lodd på bøker og 3 raskt utselde årelotteri sørga for mange kroner i kassa for laget. Folk såg ut til å kosa seg og me takkar alle som kom og gjorde dette til ein triveleg ettermiddag i haustmørket.»

Ein slik basar er ein stor dugnad, og mange villige og flinke hender gjorde ein stor innsats for at det blei så vel-lukka. Me er veldig takksame for at så mange trår til og deltek. Det gjer det lett å driva eit lag. Dei fleste gevinstane var det laget sine medlemer som bidrog med, og det var sydd, strikka, hekla, vevd, quilta, snekra, dreid, høvla, skrudd og baka for å skapa gevinstar. Hovudgevisten var ein komplett guttebunad frå Husflidlaget .

I ei lita pause i åresalet hadde me ein liten auksjon på ein del ting laget har fått. Nokre fann då noko dei ville ha.

I Eidfjord har me mange trivelege og hjelpsame ungdomar. 10klasse stilte



Fantastisk flotte premiar.



Sandehytter Vest AS – Øvre Eidfjord
Lokalt selskap som leverer nøkkelferdige hytter i Sysendalen.

Utviklingen av nye hyttefelt fortsetter sommeren 2017; Rypelia, på solrike, nordsiden av Rv-7 mellom Garen og Maurseth Leiro, Flotte tomter øverst i dalen, like før bommen til Hardangervidda. Vi har hytter under bygging som kan fremvises til enhver tid.

For mer info. kontakt:

PARADIS EIENDOMSMEGLING AS, PARADIS.

Tlf.: 5560 4032 - Mobil: 9341 1748 - E-mail: perry@paradiseiendom.no



Underhaldning av dansegruppe frå kulturskulen.

Opningstider Yx Eidfjord

23 Desember:	08.00 - 20.00
Julaften:	09.00 - 15.00
1 juledag:	12.00 - 16.00
2 juledag:	10.00 - 21.00
27 Desember:	08.00 - 21.00
28 Desember:	09.00 - 20.00
29 Desember:	09.00 - 21.00
30 Desember:	08.00 - 21.00
Nyttårsaften:	09.00 - 15.00
1 Januar:	12.00 - 21.00
2 Januar:	08.00 - 20.00

Eidfjordvegen 269, 5783 Eidfjord. E-post: eidfjord@st.yx.no Tlf: 47 97 03 06



God jul & godt nytt år fra Yx Eidfjord!



Bjørn Midtbø syner nokre av bilane sine i lyst og fint lokale. Foto: Iliyana Midtbø

Eid fjord Autosalg as

Tekst: Brynjulf Mugaas

Me i Eid fjordnytt ønskjer å skriva både om nyetableringar og om verksemder som alt er etablerte i kommunen. Denne gongen er turen kome til Eid fjord Autosalg as. Verksemda vart etablert i mai 1998 av Bjørn Midtbø og hadde i fjer 20-årsjubileum. Me skrev den gong om verksemda. Dette var første utgåva av Eid fjordnytt.

eg åpna bilbutikken i mai 1998, fortel han nögd. Etableringa synte seg å vera svært vellukka. På eiga hand arbeidde Bjørn hardt og fekk etter kvart kundar ifrå heile landet. Dette syner at det er mogeleg å satsa på gode forretningsidear i ein utkantkommune.

Status for Eid fjord Autosalg as 2019

I januar 2015 vart selskapet Eid fjord Autosalg AS etablert av Iliyana Midtbø som står åleine som aksjonær sidan ho selde leilegheita si i Bulgaria og investerte alt i selskapet, fortel Iliyana nögd. Dette var ei fornuftig selskapsform når du sel kapitalvarer», fortel Iliyana.

Ho vart dagleg leiar med ansvar for alle administrative gjeremål medan Bjørn fekk ansvar for innkjøp og bilsal. Iliyana har i dag sitt eige kontor i Sentrumstunet. Denne arbeidsdelinga synter seg i ettertid å vera svært fornuftig. Før 2015 hadde Bjørn sjølv hatt alt

ansvar for både sal og kontorarbeid, men nå har Bjørn ein annan arbeidsdag, no som han er fast ansatt med 100% stilling i selskapet han starta.

Ekteparet har vidareført det gode arbeidet Bjørn har lagt ned frå 1998 til 2015.

Eid fjord Autosalg as kan syna til gode resultat med bilsalet samt nögd kundar ifrå heile landet. »Dette er eit moderne selskap som leverer alle bilar godkjende med full historikk og tilstandsrapport i samarbeid med Eid fjord Bil & Last – Eid fjord», fortel Bjørn.

Han fortel vidare at Eid fjord Autosalg as er godkjend av Statens Vegvesen til å nyta Autoregistrering. Dette er det same system som Biltilsynet har (digitalt system) Selskapet kan såleis både registrera, omregistrera og avregistra bilar. Alle bilar står klargjorte til henting i kjellarlokala i Coop-bygget.

Dei sel for det meste nyare importbilar (1-3 år gamle) med ordinær nybilgaranti, bruktbilgaranti og drivlinjegaranti». Me kan også tilby gunstig finansiering og rimeleg frakt. Me leverer bilar raskt klargjorte mens kunden ventar», fortel Bjørn. Han fortel vidare at Odda Bilpleiesenter har ansvaret for klargjering av bilane.

I 1998 og seinare kjøpte dei helst bilar frå forhandlarar i Bergen. I dag er verksemda knytt til Norsk Autoformidling som er ein av landets største innan bilimport. Me spør om tal på bilar dei kan ha seld på det meste på eit år. »Om lag 200 bilar og fleire tusen bilar i løpet av 20 år», seier Bjørn.

Suksessfaktorar

Me spør om korleis verksemda har klart seg i så mange år. »Ærlegheit varer lengst», seier Bjørn bestemt. »Det er lite som skal til for at ein kunde vert misnøgd. Seljaren får oftast skulda for det som skjer. Eg ser ikkje på nokon som konkurrentar», legg han til.

Han vil vidare særleg nemna alle dei gode attendemeldinga dei har motteke frå nögd kundar ifrå sør til nord i landet. »Ja, me har faktisk hatt kundar heilt ifrå Narvik og Finnmark i nord», seier han. »Me selde faktisk 5 bilar til Narvik på 1 månad. Dei fleste kundane kjem imidlertid ifrå Bergen og omegn», legg han til. Bjørn vil og nemna Internettmedia der han har tilgang på 15-20 bilar kvar dag. Dette er importbilar frå Sverige og Tyskland.

Bilmarknaden

Me spør så om utviklinga innan bilmarknaden frå 1998 til no i oktober 2019. »Bensin og diesel vil framleis ha ein god marknadsposisjon. Bompengeargifter m.v. har medført at fleire og fleire har gått over til el-bilar», fortel Bjørn. Han fortel og at nokre kundar har kome til han for å byta el-bilen til bensin eller diesebil på ny.

Bjørn fortel at dei har etablert eit samarbeid med Norsk Autoformidling



Iliyana tek seg av alt det administrative. Foto: Bjørn Midtbø

om import av nyare bruktbilar (2-3 år gamle). Dette selskapet er ein av dei største i sitt slag i landet. Alle importbilar blir levert med 5-års garanti fra første gongs registrering. I tillegg vert fleire bilar leverte med ordinær nybilgaranti. Frå 1998 hadde Bjørn avtale om bilar frå forhandlarar i Bergensområdet.

Planar vidare

Me spør om kva planar dei har vidare. »Det har synt seg å verta meir og meir sal av nyare bilar (1-3 år gamle). Til vanleg er bilane lite køyrd», seier Bjørn.

Både Iliyana og Bjørn er samstemte på å tilføra verksemda ein ny arbeidsplass til i nær framtid. Iliyana fortel at ho har planar om 2 – års utdanning innan rekneskap. Kompetansen vil ho tilføra selskapet gjennom planlagt utdanning innan dette faget.

Oppsummering

I 1998 etablerte Bjørn Midtbø Eid fjord Autosalg som enkeltmannsføretak. Selskapet hadde 20-årsjubileum i mai 2018. Bjørn oppnådde gode resultat heilt på eiga hand og fekk kundegrunnlag ifrå heile landet. I byrjinga fekk Bjørn for det meste bilar ifrå forhandlarar i Bergensområdet. I 2003 kom Iliyana til Noreg for å tena pengar til eiga leilegheit i heimlandet Bulgaria og ville åpne eigen butikk og skapa sin egen arbeidsplass. I 2010 gifta Iliyana og Bjørn seg. Ho fekk etter kvart viktig arbeidsrøysle m.a. ifrå Eid fjord Fjell & Fjord Hotel as samt jobb i butikk og utdanning frå Bilakademiet. Iliyana har og 20-års røynsle frå salsarbeid.

Ho har vidare musikkutdanning (3 år) og har hatt arbeid på Choice i 5 år som sangerinne. »Eg har arbeidd heilt siden sommarferien då eg var 15 år», kan Iliyana fortelja. I 2013 vart ho tilsett i enkelsmanforetaket Eid fjord Autosalg Bjørn Midtbø

I 2015 etablerte Iliyana Eid fjord Autosalg as på. Ekteparet såg det føremålsteneleg å endra selskapsforma til aksjeselskap ettersom dei selde kapitalvarer. Dei fekk og ei god arbeidsdeling. Iliyana fekk då ansvaret for administrative gjeremål medan Bjørn fekk ansvaret for innkjøp og sal av bilar.


Bilmarknaden er heile tida i endring. Eid fjord Autosalg har likevel klart å oppnå gode resultat. Me trur suksessfaktorane kan vera fleire. Rask levering, god pakkeløysing med pris og frakt, god oppføgjing av kundar samt gunstig finansieringsløysingar. »Nögd kundar fortel gjerne til andre om deira kjøp i frå Eid fjord Autosalg as. Eit godt omdøme vert gjerne fortalt vidare til andre. Ærlegheit varer alltid lengst i alt salsarbeid», seier Bjørn.

Ekteparet gjev uttrykk for at dei er svært nögd med økonomisk stønad frå Eid fjord kommune og all støtte ifrå ibuarar flest. No i 2019 er verksemda på lista hos dagens næringsliv som ei gasellebedrift, noko ekteparet er veldig stolte av.

Me takkar for ein hyggjeleg samtale og ønskjer Iliyana og Bjørn lukka til med framtida.



På dagar som dette er løypekjøring ein fryd!



Ny vinsjemaskin er nede i eidfjord for service og vedlikehald samt klargjering til ny sesong i sysendalen skisenter.



Etter ca 3 døgn med snøprodusjon er det eindel som skal skubbast ut med tråkkemaskin før ein kan opne skiheisen.

Hardangervidda Ski- og Fjellsport AS

Førebuingane til sesongen 19/20 er godt i gang på Maurseth. Hardangervidda Ski- og Fjellsport AS har signert ein 4-års kontrakt med Sysendalen Skisenter på drift av skisenteret samt løypekjøring i Sysendalen. Me har difor investert i ny tråkkemaskin med vinsj, noko me håper vil gje oss betre rusta til å kunne tilby våre gjestar fine bakkar gjennom sesongen. Den vil og hjelpe oss i førebuingane då me lettare kan flytta snø oppover i dei brattaste delane av løypa. Denne har tidlegare vore brukt hjå Norefjell Skisenter og er ifrå 2011. Me har vald å pensjonera den eldste maskina vår frå 1991.

Me renoverer skiuitleiga vår, samt at me i løpet av vinteren og våren 2020 skal ha ein større revisjon av den eldste skiheisen. Denne er ifrå 1983 og det skal skiftast ut alle sikkerheitskritiske

komponentar samt overhaling av hovudgirkasse hjå leverandør i Italia.

Me har, som tidlegare år, førehandsal av sesongkort til rabbaterte prisar. Dette gjeld ut november. Info om dette finn ein på www.sysendalen.no.

Me har også oppgradert snøanlegget vårt slik at me satsar på ein høgare kvalitet på snøen me produserer, samt at me lettar arbeidet med snøproduksjon. Sysendalen Skisenter har 18 fastmonterte lansekanonar samt 14 mobile. I alt er det opp mot 1 km med slangar som må trekkast til dei mobile tårna for luft og vatn. Snøproduksjonen består av eit mateanlegg og eit høgtrykksanlegg. Me har 3 dykkpumper som står i ein matekumme i Bjoreio, rett nedom leilegheitsbygget på Maurseth. Her vert vatnet pumpa opp til garasjeanlegget ved parkeringsplassen der trykket vert

Tekst og foto: Asbjørn Riber

auka frå 1 bar til 45 bar. Når vatnet er på toppen av skiheisen, har me att ca. 22 bar trykk. Totalt har me ein pumpekapasitet på ca. 240 m³/h.

Snøproduksjonen består i grove trekk at ein blanda luft med vatn under høgt trykk. Ideell temperatur for snøproduksjon er -10 til -15 grader. Me håper å koma i gang med snøproduksjon i løpet av november.

Sysendalen Skisenter har fått ny styreleiar, Lars Kristian Eidnes. Han har allereie hatt møte med grunneigarane for å gjennomgå status på skiløyper i og rundt Sysendalen. Håpet er å kunne skaffa midlar til ei generell oppgradering av løpenetta slik at me kan tilby fleire km skiløyper tidlegare i sesongen på avgrensma mengde snø.

Årets jolekonsert i Eidfjord Kyrkja

TONESKREDO

Søndag 15 desember

kl. 18:00

Under musikalsk leiing av dirigent
Tom Jarle Istad Kristiansen

med eigne solistar og Torbjørn Alfsen på gitar, Rune Mørland på trommer og Peter Haltorp på bass,
inviterar Toneskredo til årets jolakonsert.

Billett kr. 200,-
(born i grunnskulen gratis)

Kontant eller Vipps til 502318

Thomas Eide (31)

Driftsleiar bygg og anlegg

Thomas har utdanning og yrkeserfaring som kjem godt med i ny jobb i Eidfjord kommune. Han gjekk tømrarlinna på Voss vidaregåande skule (ferdig 2008), Bergen tekniske fagskule 2014 – 2016, avd. Voss og arbeidde i Mesta som formann i anleggsbransjen fram til 2019.

2. september starta han i ny jobb i Eidfjord kommune. Her har han ansvaret for vedlikehald av kommunale bygg og vegar, vegljos og tekniske anlegg. Han har også ansvaret for budsjett og økonomi for fagområdet og å fylgja opp dei tilsette på avdelinga.

Som innfødt eidfjording har han sjølv sagt stor glede av å ferda i fjellet både sommar og vinter. Musikk er også ein kjær hobby.



Thomas Eide.

Tekst: Glenn Wiik
Foto: Åshild Djønne

**Saman gjer
vi det betre**

Skal vi ta vare på alt det verdifulle vi har her på Vestlandet, må vi gjøre det saman – for saman gjer vi det betre.

Saman for ei endå sterkare næring- og samfunnsutvikling i Hardanger.

 Sparebanken Vest

Norconsult

Norconsult Hardanger og Voss leverer bygg- og anleggsrelaterte ingeniørtenester samt arkitekt- og planstjenester. Me er omlag 30 tilsette og har kontor i Eidfjord, Odda og på Voss. Ta kontakt med oss for ein uforpliktande samtale og be oss gjerne om pristilbod på arbeid du vil ha utført.

www.norconsult.com



Klausabakken barnehage, Voss kommune

Kontakt Eidfjord:
Lægreidsvegen 2A (Sentrumstunet)
5783 Eidfjord

tlf: 53 64 70 88 / 95 75 88 06
epost: endre.laegreid@norconsult.com

Norconsult 

Modnen barnehage, Eidfjord kommune

**FJORD | fra Hardanger
OG FJELLBYGG**



BYGG DITT HUS OG HYTTE MED OSS

Vi har bygget funksjonelle hus og solide hytter for norske familier i 15 år.



Fjord og Fjellbygg
Lægreidsvegen 2A
5783 Eidfjord
+4791124980, post@ffbygg.no www.ffbygg.no



OPNINGSTIDER JOLA 2019

20.12	09.00 – 20.00
21.12	09.00 – 18.00
22.12	14.00 – 18.00
23.12	09.00 – 20.00
24.12	09.00 – 14.00

1.joledag	STENGD
2.joledag	STENGD

27.12	09.00 – 20.00
28.12	09.00 – 18.00
30.12	09.00 – 20.00
31.12	09.00 – 16.00

GOD JOL!

Arrangement i Eidfjord 2020



**27.02 - 01.03 Hardangervidda/Maurseth
Åsnes Expedition Amundsen**
Frå Haukeliseter til Maurseth i Eidfjord
100 km på ski med pulk i Amundsens
skispor over Hardangervidda.
Lag- og indiv. klasse.

www.xtremeeidfjord.no



**27.05 - 01.06 Eidfjord, Ullensvang og Odda
Hardanger Musikkfest**
Programmet finn du på nettsida.

www.hardangermusikkfest.no




**19.06 - 21.06 Eidfjord
Eidfjord Småbanecup**
årlig fotballturnering for born

www.smaabaneocup.no



**23.06 kl 18.00 Ostangen
Jonsokfeiring**
Jonsokbryllup og barnetog frå gamlekyrkja kl 17.30 til Ostangen.
Grilling, bål og kos i Ostangen.

Arr: 1. klasse ved Lægreid Skule



**11.07 Hardangervidda
Hardangerjøkulen Ultra**
Ultraløp på 100 km med start og målgang ved Vøringsfossen

www.xtremeeidfjord.no




**30.07 Eidfjord
Eidfjord Express Aquathlon**
Dette er ei muleheit til å smake på på Eidfjord. Føl på den kjølige fjorden, spring opp 1/10 av eit fjell. Kort og godt? 400 meter svømming og eit løp på 6 kilometer. Gi full gass eller ta det som eit koserøp.

www.nxtri.com




**01.08 kl 05.00 Eidfjord
Norseman Xtreme Triathlon**
Verdas fremste ekstremtriathlon, med
start i Eidfjord og målgang på Gaustatoppen.

www.nxtri.com



**August Eidfjord
Voss – Geilo sykkelritt**
same arrangør som Bergen – Voss
rittet, rittet går over Hardangerbrua
og via Eidfjord.

www.vossgeilo.no




**05.09 kl 10.00 Eidfjord
Hardangervidda Marathon**
Heil – og halv marathon med høgfjells
sti, elvekryssingar og løping i
trange dalar i Eidfjord. Start i sentrum
(halv i Måbødalen) og målgang i
Øvre Eidfjord.

www.xtremeeidfjord.no



**September/oktober i Øvre Eidfjord
Hardanger Matkulturfestival**
Sal av tradisjonsmat, underhaldning,
kurs, foredrag, konserter og aktivitetar
for store og små.

www.hardanger-matkulturfestival.no



For informasjon om andre aktivitetar og overnatting i Eidfjord:

www.visiteidfjord.no